

verknaden vart ikkje den same for bokmaalet som for talemaalet. Me lyt difor taka kvar av desse sidorne for seg, endaa det er mangt — serleg i den fyrste tidi — som gjeld like mykje talen som skrifti.

Straks etter 1350 ser me ikkje større brigde paa *bokmaalet*; men fleire framande ord kjem daa inn her og der, eller vert tidare bruka enn fyrr, og sume gamle former vert sjeldsynte, eller viki undan for nye som er lettare. Dei framande ordi hev ofte si rot i svensk paaverknad (t. d. *bjugg* for bygg, *hopast* for vona); men naar dei skriv *han man* eller *han man* baade i subjektform (gn. *så madr*) og i objektform (gn. *han mann*), daa hev dette sin grunn i eit aalment vest-europæisk straumdrag, som gjekk ut paa aa kasta burt mykje av det gamle formstellet i maali, og i staden difor lata ordfylgja faa meir aa segja. Dette straumdraget, som alt hadde umskapa engelsk, nedertysk, dansk og svensk og gjort deim til formlette maal, tok no til aa ovra seg her og, ikkje berre i bokmaalet, men fulla endaa meir i talen. Dette tek snart fart, og det hev ikkje gjenge ein mannsalder etter 1350, fyrr maalet vert ustødt i bøygingarne, form paa form fell burt, og ordfylgja veg meir enn fyrr. For kvar tid gjeng det snarare med yvergangen. Heile formverket stend snart og skjelv. Endingsvokalarne *i* og *u* minkar det med, medan *e* og *o* fær yvertaket, liksom i nynorsk og i nysvensk. Umkring 1420 er maalet umlaga i mange stykke, og det vert som ein stans. Men fyrr 10 aar er lidne, ber det i veg atter samme leidi; no vert teiknet (og ljøden) *þ* kasta og *th* uppteken i staden, og fleire gamle former fell burt. Samstundes trengjer svensken seg so sterkt inn at mange tek til aa skriva *jak*,